

Behandling i Fylkestinget - 23.04.2018

Votering:

Tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 43 røyster og blei vedteke, medan 4 røysta mot.

Vedtak i Fylkestinget - 23.04.2018

1. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår at prosjektet E39 Lønset-Hjelset blir delfinansiert med bompengar i tråd med «Faglig grunnlag E39 Lønset-Hjelset» frå Statens vegvesen datert 21.3.2018.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn følgjande finansiering av prosjektet:
 - Kostnadsoverslag (styringsramme): 1380 mill. 2018-kroner
 - Statleg løyving 610 mill. 2018-kroner
 - Bompengandel 770 mill. 2018-kroner

3. Innkrevjinga skjer i begge retningar i automatiske bomstasjonar på ny og eksisterande E39. Innkrevjingspunktet på ny E39 blir på Hjelset. Innkrevjingspunktet på eksisterande E39 blir også på Hjelset.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune aksepterer ein gjennomsnittleg bompengetakst på inntil 27 kroner (2018-prisnivå). Med gjeldande føresetnader svarer dette til bompengetakstar på om lag 30 kroner for takstgruppe 1 og om lag 60 kroner for takstgruppe 2.

Dersom det i løpet av bompengeperioden blir opna for at nullutsleppskøyretøy skal betale bompenger, blir taksten inntil 50 prosent av ordinær takst innafor kvar takstgruppe.

5. I tråd med nye takstretningslinjer for bompengeprojekt blir det lagt til grunn at trafikantar i takstgruppe 1 som betalar med elektronisk brikke oppnår 20 prosent rabatt, og at trafikantane i takstgruppe 2 betaler det dobbelte av taksten for takstgruppe 1. Det gis ingen rabatt for køyretøy i takstgruppe 2.
6. Det er føresett timesregel og eit passeringstak på 60 passeringar per måned for køyretøy i takstgruppe 1 føresatt gyldig brikke og avtale.
7. Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn ein innkrevjingsperiode på 15 år.
8. Kostnadauke utover prisstigninga opp til kostnadsramma skal dekkast med statlege midlar og bompengar etter same prosentvise fordeling som innafor styringsramma. Eventuelle overskriddingar ut over kostnadsramma er staten sitt ansvar og blir dekt med statlege midlar.
9. Dersom inntektene blir høgare og/eller finansieringskostnadene lågare enn føresett, skal bompengetaksten reduserast eller bompengeperioden kortast ned. Endeleg takst- og rabattsystem skal leggast fram for lokalpolitisk behandling i god tid før innkrevjinga startar.
10. Dersom bompengeselskapet sin økonomiske situasjon gjer det nødvendig, kan gjennomsnittstaksten aukast med inntil 20 prosent ut over prisstigninga og innkrevjingsperioden forlengast med inntil 5 år.

11. For Møre og Romsdal fylkeskommune:

Under føresetnad av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin godkjenning, garanterer Møre og Romsdal fylkeskommune med sjølvskyldnarkausjon for gjelda til bompengeselskapet, med pant i bompengeselskapet sin rett til å krevje inn bompengar. Det samla garantibeløpet (som tilsvarar bompengeselskapet sin maksimale gjeld berekna ut frå pessimistiske føresetnader) er avgrensa oppad til 1 080 mill. 2018-- kroner med tillegg på 10 prosent av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekking av eventuelle påløpte renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet blir slik 1 190 mill. 2018-kroner.

Garantien gjeld frå første opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen i byggeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år. Innkrevjingsperioden kan i særlege tilfelle forlengast med inntil fem år. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiforskrifta § 3. Samla garantitid blir, inkludert byggeperioden, på inntil 26 år frå første opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen.

Garantisten sine utlegg kan dekkast gjennom ein auke av realtakstane med inntil 20 prosent og ei forlenging av bompengeperioden med inntil 5 år. Garantien gjeld inntil bompengeselskapet sin gjeld er nedbetalt og blir redusert i takt med nedbetaling av lån. Det er føreset at garantien blir sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar.

12. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er prinsipielt feil at ein fylkeskommune skal påta seg garantiansvar for statleg infrastruktur. Blir reglane for garantiansvar endra i Stortinget føreset Møre og Romsdal fylkeskommune at dette også blir gjort gjeldande for prosjektet E39 Lønset – Hjelset.